

## KOMMISJONSDIREKTIV 2007/48/EF

2012/EØS/5/32

av 26. juli 2007

om endring av direktiv 2004/90/EF om fastsetjing av gjennomføringstiltak for artikkel 7 i rådsdirektiv 2002/53/EF med omsyn til kva eigenskapar som minst skal omfattast av og kva minstekrav som skal gjelde for gransking av visse sortar av jordbruksvekstrar(\*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA  
HAR —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

*Artikkel 1*

med tilvising til rådsdirektiv 2002/53/EF av 13. juni 2002 om den felles sortsliste for jordbruksvekster<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 7 nr. 2 bokstav a) og b), og

Vedlegg I og II til direktiv 2003/90/EF vert bytte ut med teksta i vedlegget til dette direktivet.

*Artikkel 2*

ut frå desse synsmåtanane:

- 1) Kommisjonsdirektiv 2003/90/EF<sup>(2)</sup> vart vedteke for å sikre at dei sortane som medlemsstatane fører opp i dei nasjonale listene sine, stettar dei rettleiande prinsippa som plantesortskontoret til Fellesskapet (CPVO) har fastsett med omsyn til kva eigenskapar som minst skal omfattast av og kva minstekrav som skal gjelde for gransking av sortane, i den mon det er fastsett slike rettleiande prinsipp. For andre sortar er det fastsett i direktivet at dei rettleiande prinsippa til Den internasjonale unionen for vern av nye plantesortar (UPOV) skal nyttast.
- 2) CPVO og UPOV har seinare fastsett ytterlegare rettleiande prinsipp for ei rekkje andre artar, eller ajourført dei prinsippa som alt finst.
- 3) Direktiv 2003/90/EF bør difor endrast.
- 4) Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for frø og økslingsmateriale innan jordbruk, hagebruk og skogbruk —

Når det gjeld granskningar som tok til før 1. november 2007, kan medlemsstatane nytte den versjonen av direktiv 2003/90/EF som galdt før det nemnde direktivet vart endra ved dette direktivet.

*Artikkel 3*

Medlemsstatane skal innan 31. oktober 2007 vedta og kunngjere dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet. Dei skal straks sende over til Kommisjonen teksta til desse føresegnene og ein jamføringstabell som viser samanhengen mellom desse føresegnene og føresegnene i dette direktivet.

Dei skal nytte desse føresegnene frå 1. november 2007.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

*Artikkel 4*

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 195 av 27.7.2007, s. 29, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 153/2007 av 7. desember 2007 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantasanitære forhold), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 26, 8.5.2008, s. 12.

<sup>(1)</sup> TEF L 193 av 20.7.2002, s. 1. Direktivet sist endra ved europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1829/2003 (TEU L 268 av 18.10.2003, s. 1).

<sup>(2)</sup> TEU L 254 av 8.10.2003, s. 7. Direktivet endra ved direktiv 2005/91/EF (TEU L 331 av 17.12.2005, s. 24).

Dette direktivet tek til å gjelde sjuande dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

*Artikkel 5*

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 26. juli 2007.

*For Kommisjonen*  
Markos KYPRIANOU  
*Medlem av Kommisjonen*

---

*VEDLEGG**«VEDLEGG I***Liste over artar som er nemnde i artikkel 1 nr. 2 bokstav a) som skal vere i samsvar med prøvingsprotokollane til CPVO**

Artar som er førde opp i den felles sortlista	Protokollen til CPVO
Åkerert	Ert, TP 7/1 av 6.11.2003
Raps	Raps, TP 36/1 av 25.3.2004
Solsikke	Solsikke, TP 81/1 av 31.10.2002
Havre	Havre, TP 20/1 av 6.11.2003
Bygg	Bygg, TP 19/2 av 6.11.2003
Ris	Ris, TP 16/1 av 18.11.2004
Rug	Rug, TP 58/1 av 31.10.2002
Rugkveite	Rugkveite, TP 121/2 av 22.1.2007
Kveite	Kveite, TP 3/3 av 6.11.2003
Durumkveite	Durumkveite, TP 120/2 av 6.11.2003
Mais	Mais, TP 2/2 av 15.11.2001
Potet	Potet, TP 23/2 av 1.12.2005
Tekstillin/oljelin	Tekstillin/oljelin, TP 57/1 av 21.3.2007

Teksta til desse protokollane er å finne på nettstaden til CPVO ([www.cpvo.europa.eu](http://www.cpvo.europa.eu)).

*VEDLEGG II***Liste over artar som er nemnde i artikkel 1 nr. 2 bokstav b) som skal vere i samsvar med dei rettleiande prinsippa for prøving som er utarbeidde av UPOV**

Artar som er førde opp i den felles sortlista	Dei rettleiande prinsippa til UPOV
Fôrbete	Fôrbete, rettleiande prinsipp TG/150/3 av 4.11.1994
Hundekvein	Kvein, rettleiande prinsipp TG/30/6 av 12.10.1990
Storkvein	Kvein, rettleiande prinsipp TG/30/6 av 12.10.1990
Krypkvein	Kvein, rettleiande prinsipp TG/30/6 av 12.10.1990
Engkvein	Kvein, rettleiande prinsipp TG/30/6 av 12.10.1990
Byfaks	Byfaks, rettleiande prinsipp TG/180/3 av 4.4.2001
Alaska-faks	Alaska-faks, rettleiande prinsipp TG/180/3 av 4.4.2001
Hundegras	Hundegras, rettleiande prinsipp TG/31/8 av 17.4.2002

Arter som er førde opp i den felles sortlista	Dei rettleiande prinsippa til UPOV
Strandsvingel	Strandsvingel, rettleiande prinsipp TG/39/8 av 17.4.2002
Sauesvingel	Sauesvingel, rettleiande prinsipp TG/67/5 av 5.4.2006
Engsvingel	Engsvingel, rettleiande prinsipp TG/39/8 av 17.4.2002
Raudsvingel	Raudsvingel, rettleiande prinsipp TG/67/5 av 5.4.2006
Italiensk raigras	Raigras, rettleiande prinsipp TG/4/8 av 5.4.2006
Vanleg raigras	Raigras, rettleiande prinsipp TG/4/8 av 5.4.2006
Hybridraigras	Raigras, rettleiande prinsipp TG/4/8 av 5.4.2006
Timotei	Timotei, rettleiande prinsipp TG/34/6 av 7.11.1984
Engrapp	Engrapp, rettleiande prinsipp TG/33/6 av 12.10.1990
Kvitlupin	Kvitlupin, rettleiande prinsipp TG/66/4 av 31.3.2004
Smallupin	Smallupin, rettleiande prinsipp TG/66/4 av 31.3.2004
Gul-lupin	Gul-lupin, rettleiande prinsipp TG/66/4 av 31.3.2004
Blåluserne	Blåluserne, rettleiande prinsipp TG/6/5 av 6.4.2005
Raudkløver	Raudkløver, rettleiande prinsipp TG/5/7 av 4.4.2001
Kvitkløver	Kvitkløver, rettleiande prinsipp TG/38/7 av 9.4.2003
Bønnevikke	Bønnevikke, rettleiande prinsipp TG/8/6 av 17.4.2002
Förvikke	Förvikke, rettleiande prinsipp TG/32/6 av 21.10.1988
Kålrot	Kålrot, rettleiande prinsipp TG 89/6 av 4.4.2001
Oljereddik	Oljereddik, rettleiande prinsipp TG/178/3 av 4.4.2001
Jordnøtt	Jordnøtt, rettleiande prinsipp TG/93/3 av 13.11.1985
Rybs	Rybs, rettleiande prinsipp TG/185/3 av 17.4.2002
Saflortistel	Saflortistel, rettleiande prinsipp TG/134/3 av 12.10.1990
Bomull	Bomull, rettleiande prinsipp TG/88/6 av 4.4.2001
Opiumvalmue	Opiumvalmue, rettleiande prinsipp TG/166/3 av 24.3.1999
Kvitsennep	Kvitsennep, rettleiande prinsipp TG/179/3 av 4.4.2001
Soyabønne	Soyabønne, rettleiande prinsipp TG/80/6 av 1.4.1998
Sorghum	Sorghum, rettleiande prinsipp TG/122/3 av 6.10.1989

Teksta til desse rettleiande prinsippa er å finne på nettstaden til UPOV ([www.upov.int](http://www.upov.int)).